



Elev- og lærlingombodet | 2016 - 2017

# Årsrapport



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Frå elev- og lærlingombodet

Det første skoleåret som elev- og lærlingombod er no avslutta, og eg ønsker gjennom denne årsrapporteringa å gi eit innblikk i det arbeidet eg har gjort. Eg ønsker også å nytta anledninga til å seie noko om kva eg ser som er bra, og kva som er utfordrande innanfor vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Elev- og lærlingombodet skal vere ein tydeleg medspelar for ungdommar i den vidaregåande opplæringa, og arbeider på system- og individnivå. Slik har eg gjennom det første året mitt som ombod blitt kjent med utruleg mange flotte ungdommar. Eg har også fått vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar kring ungdommane. Det er mange som engasjerer seg for å skape gode opplærings- og oppfølgingssystem i det fylkeskommunale systemet og ut i bedriftene.

Det er i 2017 20 år sida den første ombodsordninga vart oppretta, og elev- og lærlingomboda i Noreg (ELON) fekk i april gleder av å møte mannen som starta det heile i Nordland fylkeskommune, tidlegare

fylkesutdanningssjef i Nordland, Jorulf Haugen. 2017 er også året der vi kan seie at no har alle fylkeskommunar vedtak om eit elev- og lærlingombod i sitt fylke. Det er godt nytt, og viser at elevar og lærlingar sine rettar blir tatt på alvor.

Arbeidet som ombodet gjer, er viktig for å styrke den enkelte elev og lærling, synleggjere utfordringar i den vidaregåande opplæringa, og for å styrke kvaliteten på det tilbodet elevane og lærlingane får. Denne rapporten skal gi deg som lesar innsyn i ombodet si verksemd, og den skal seie litt om vegen vidare for skoleåret 2017-2018.

God lesing!



Tove Regine Stranden  
Elev- og lærlingombod



## Innhald

Ombodsordninga	3	Skoleåret 2017-2018	13
Vidaregåande opplæring i fylke	4	Etterord	14
Elev- og lærlingombodet	6	Kjelder	15
Forespurnadar	10	Vedlegg	15 (16-19)



FOTO: KENNET KLOKSETH PEDERSEN

# Ombodsordninga

I Møre og Romsdal fylkeskommune har ordninga med elev- og lærlingombod eksistert sidan 2006, og har bakgrunn i eit politisk vedtak i fylkestinget. Ombodet sitt arbeid famnar både offentlege (vedlegg 1) og private skolar (vedlegg 2), lærebedrifter og opplæringskontor. Elev- og lærlingombodet er ei sjølvstendig stilling, og er plassert i organisasjonsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ombodet arbeider hovudsakeleg med:

- elevar og lærlingar sin medverknad når det gjeld eiga opplæring
- styrking av elevrådsarbeid i vidaregåande skole
- skole- og arbeidsmiljø

Områda ombodet skal arbeide med heng nøye saman, og må sjåast i samanheng med kvarandre.

Ombodet er ute på dei vidaregåande skolane i fylket, og gjev tilbod om informasjon og elev- rådsskolering. Ombodet er også på besøk i bedriftene for å informere og følge opp lærlingar og lærekandidatar. Alle førespurnadar frå elevar og lærlingar i fylket blir svara på,

uansett om dei er på en offentlig eller privat skole, eller om dei har ungdomsrett eller ikkje.

Dei største områda ombodet arbeider med, er elevane og lærlingane si medverknad på eiga opplæring og skole- og arbeidsmiljø. Likevel er breidda i arbeidsområde tilnærma lik breidda i den vidaregåande opplæringa. Arbeidet med system og enkeltsaker krev innsikt i alle område av vidaregåande opplæring, også tilbodet som finst for dei elevane som fell ut av vidaregåande opplæring.

Ombodet skal:

- medverke til at elevar og lærlingar sitt arbeidsmiljø blir ivaretatt
- gi råd og rettleiing om korleis elevar og lærlingar kan ta opp sine saker
- informere om elevar og lærlingar sine rettar og pliktar i vidaregåande opplæring
- styrke elevar og lærlingar sin medverknad i opplæringa
- motivere til og gje opplæring i elevrådsarbeid
- representere elevar og lærlingar i fylkeskommunale fora

# Vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal fylke

I Møre og Romsdal er det 23 offentleg vidaregåande skolar og 5 private skolar. Fylkeskommunen er ansvarleg for opplæringa av omlag 10 000 elevar og 2300 lærlingar. Det politiske målet er at 79 prosent av dei som startar på vidaregåande opplæring, skal fullføre. Elev- og lærlingombodet er ein del av satsinga for å nå dette målet.

Møre og Romsdal har over halvparten av elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram, og er eit fylke som er sterk på yrkesfag. Lærlingane melder gjennom lærlingundersøkinga, at dei er fornøgd med opplæringa dei får i bedrift, men at vi kan bli flinkare på medverknad i opplæringa. Lærlingundersøkinga viser at lærlingane stort sett opplever eit godt arbeidsmiljø (Kvalitetsmeldinga 2016).

Elevane i dei offentlege vidaregåande skolane i fylket seier gjennom elevundersøkinga at dei trivst, og dei fleste opplever det trygt å vere på skolen. Likevel veit vi at det er enkeltelevar som gruar seg til å gå på skolen på grunn av mobbing. Merksemd på eit godt og trygt skolemiljø for alle, er med på å førebygge krenkingar i skolekvardagen. Alle skal ha det bra på skolen.

Som lærlingane, melder elevane om at arbeidet med elevdemokrati og elevmedverknad på skolane kan blir betre (Kvalitetsmeldinga 2016). Dette finn vi også

igjen i rapporten frå Møreforskning: Ung i Møre og Romsdal 2015. Medverknad på skolen fremjar læring og trivsel, som igjen førebyggjer eit dårleg skolemiljø og krenking av enkeltelevar.

Gjennom eit følgeforskningsprosjekt av «I UNG» tiltaka, har vi som arbeider med vidaregåande opplæring fått god innsikt i kva som er viktig for utsett ungdom for å kunne gjennomføre opplæringa. Som ei slags oppsummering av opplevingane til ungdommane i prosjektet, brukar Skrove, Groven, Nerland og Backman (2016) ordet «utanforskap». Mange av dei ungdommane som fell ut av vidaregåande skole i Møre og Romsdal er ikkje inkludert i fellesskapet av ulike årsakar. Følgeforskinga viser at det sosiale samspelet er viktig for ungdommane og har tyding for fråfall. Det sosiale fellesskapet påverkar motivasjonen til å forsette på skolen, sjølv om ein slit med dei skolefaglege prestasjonane. Skrove et.al. (2016, s.100) skriv: «Et godt psykososialt klasse miljø kan være en ekstra viktig pull-faktor for potensielle frafallselever, dvs. at elever med de svakeste skolefaglige prestasjonene, blir trukket inn mot deltagelse i skolen viss den sosiale trivselen og inkluderingen på skolen er høy.»

Når vi veit dette om elevar og lærlingar i Møre og Romsdal, gjer det oss ein ekstra motivasjon til å bli enda betre på medverknad og skole- og arbeidsmiljø.



# Elev- og lærlingombodet

Det har vore ei viktig oppgåve for ombodet også gjennom dette året å gjere ombodsordninga kjent for nye elevar, elevråd, lærlingar og tilsette. Det har også vore viktig å etablere eit godt nettverk av samarbeidspartar for dei ulike sida av den vidaregåande opplæringa. Det er blant anna løyst ved å presentere rolla og meg sjølv i ulike fora, vere synleg i media, ha samarbeidsmøte med dei vidaregåande skolane og delta på kurs og konferansar som omhandlar tema innanfor vidaregåande opplæring.

Det er også lagt ned eit stort arbeid i å gjere ombodsrolla lett tilgjengeleg for dei som treng den. Elev- og lærlingombodet er aktiv i sosiale medium og har oppdatert nettside og kontaktskjema, i tillegg til å svare på førespurnadar via telefon, sms, Facebook og e-post. Slik sikrar ombodet at ungdommane kan bruke den kommunikasjonsmåten dei er vande med.

Medverknad og skole- og arbeidsmiljø er dei områda ombodet arbeider mest med, både gjennom informasjonsarbeid, i ulike tverrfaglege arbeidsgrupper og i enkeltsaker. Dette er viktige område både for elevar og lærlingar for at dei skal fullføre vidaregåande opplæring, og for at dei skal få ei best mogleg gjennomføring.

## **Elev- og lærlingombodet si rolle i arbeidet for å styrke elevmedverknaden i Møre og Romsdal**

Ombodet har arrangert elevrådskonferanse for leiar og nestleiar i elevråda på dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal hausten 2016. I skoleåret 2016-2017 var

samlinga på Vestnes Fjordhotell, og 16 av skolane takka ja til invitasjonen. Konferansen var over to dagar, og målet var å:

- styrke elevane i deira rolle som leiarar
- gi dei demokratiopplæring
- gi dei verktøy til å påverke
- gi dei eit innblikk i det arbeidet som blir gjort i både fylkeskommunen og i fylkespolitikken
- gi dei eit nettverk på tvers av dei vidaregåande skolane i fylke

Tilbakemeldingane frå deltagarane har vært gode, og konferansen blir arrangert også neste år.

På elevrådskonferansen blir det gjort val av to representantar til utdanningsutvalet blant elevrådsrepresentantane. For skoleåret 2016-2017 vart Ulv Johannes Karlsen Ottem frå Sunndal vidaregåande skole og Stian Andre Bjørshol Smalø frå Atlanten vidaregåande skole valde. Dei har vore på nesten alle møta i utdanningsutvalet, og skal ha skryt for sitt engasjement. Dei har tatt rolla si som representantar for alle vidaregåande elevane i Møre og Romsdal på alvor, og har vist kor viktig slike «brukarrepresentantar» er i det politiske arbeidet med å skape gode tenester.

Vinteren 2017 sende elev- og lærlingombodet ut ein invitasjon til alle skolane om eit samarbeidsmøte. Målet var å gjere opp ein status for skolen sitt arbeid med medverknad og læringsmiljø, å presentere meg og rolla mi som elev- og lærlingombod og avtale rammer for vidare samarbeid med elevdemokrati og medverknad. Invitasjonen gikk til både rektor, elevrådskontakten og leiar i elevrådet.



FOTO: TIBE

16 skolar ønska eit slikt møte, og det kom mange tilbakemeldingar om at møtet var nyttig. Det vart lagt opp til dialog mellom skoleleiinga, elevrådskontakten og elevrådsstyret, der alle fekk høve til å seie kva som var utfordrande og bra med både skolen og arbeidet med medverknad. Mange av dei tilsette og elevane melde om trivelege og gode forhold ved skolen, med lav terskel for kontakt og ei uformell samhandlingsform. Fleire av skolane syntest det var utfordrande å skape og halde på engasjementet for aktivitetar og elevrådsarbeidet ved skolen. Tema og innspel frå desse møta er det laga avtalar om at vi skal jobbe med dei neste åra.

### **Ombodet sitt arbeid for å styrke lærlingane sin medverknad i eiga opplæring**

Når ein er lærling, er dei ute av det store skolesystemet med tilgjengelege rådgivarar og andre vaksne som kan svare på spørsmål. Dei har kanskje sitt første møte med arbeidslivet. Dei fleste lærlingane blir godt mottatt, og losa gjennom den første tida i bedrifta. Likevel

møter vi ungdommar som blir kasta ut i det, er usikre og sit kanskje med mange spørsmål og ingen å spørje.

Elev- og lærlingombodet er med på samling for alle 1.års lærlingane på hausten i regi av fylkeskommunen si utdanningsavdeling. Her er informasjon til dei nyoppstarta lærlingane om rettar og pliktar viktig. Det kan vere ei kjelde til meistring og medverknad i opplæringa. Både utdanningsavdelinga og arbeidstakarorganisasjonane fortel om ulike sider av det å vere lærling og i eit arbeidsforhold. Det blir også gjeve informasjon om rolla til elev- og lærlingombodet og kva eg kan hjelpe med. Ungdommane blir gitt høve til å stille spørsmål både i plenum og etter samlinga, og dei får informasjon om kor dei kan gå viss dei treng hjelp når dei er ut i lære.

Ombodet er også med på samlingane til nokre av opplæringskontora, spesielt når dei samlar 1.års lærlingar. Her er det opplæringskontora som inviterer elev- og lærlingombodet etter behov. På desse samlingane er informasjon om rettar og pliktar også hovudtemaet, og kva du kan gjere om du treng hjelp under læretida. ►►



LO sin sommarpatrulje reiser rundt i Norge for å sjekke korleis ungdom har det på jobb og om rettane deira er ivaretatt. Denne patrolja blir gjennomført kvart år, og deltakarene gjer eit viktig arbeid gjennom å sette søkelys på gode arbeidsforhold, også for ungdommar i sommarjobb og i lære. Elev- og lærlingombodet fekk invitasjon til å vere med på årets patrolje, og nytta høvet til å besøke lærlingar i ulike bransjar både på Sunnmøre og Nordmøre. Det var stor variasjon i rammene og rutinane for dei lærlingane ombodet var i kontakt med i løpet av patroljen. Nokre av dei vi besøkte, ønska hjelp av ombodet til å ta saka si vidare.

### **Elev- og lærlingombodet sitt arbeid for eit godt skole- og arbeidsmiljø**

Som skrive tidlegare, må områda medverknad og arbeid med skole- og arbeidsmiljø sjåast i samanheng. Elevane og lærlingane er ein viktig ressurs i arbeidet med skole- og arbeidsmiljø, då det er dei som sit med førstehandskunnskapen om korleis det er å vere elev eller lærling i vidaregåande opplæring. Då er gode rammer i skole og i lærebedrifta for medverknad viktig, både i form av ulike utval, vurdering og tillitsverv. Elev- og lærlingombodet har gjennom informasjon til elevar og lærlingar, tydeleggjort korleis elevar, elevråd og lærlingar kan bidra til eit betre skole- og arbeidsmiljø. Det blir også gitt informasjon om retten deira til eit godt miljø, og kor dei kan få hjelp om dei opplever krenkingar i skole- eller arbeidskvardagen.

Ombodet handterer også enkeltsaker der elevar og lærlingar opplever krenkingar som for eksempel mobbing på skolen eller i lærebedrifta. Samarbeid med andre mobbeombod, beredskapsteam mot mobbing og andre kompetansmiljø som arbeider med forbygging og handtering av krenkingar, er med på å setje søkelyset på denne problematikken.

### **Samarbeidspartar**

Elev- og lærlingombodet er avhengig av både eksterne og interne faglege og politiske samarbeidspartar i arbeidet med å ivareta og styrke ungdommar sine rettar i vidaregåande opplæring. Derfor er eit solid nettverk viktig. I tillegg ønsker eg at erfaringar og kunnskap eg får gjennom arbeidet mitt, kan komme andre til gode. Slik kan vi saman bygge gode rammer for ungdommane, slik at dei er godt rusta til vegen vidare. Ombodet er med på ulike prosjekt og arbeidsgrupper som ein del at dette arbeidet, og deltek på dei fleste møta i utdanningsutvalet og i yrkesopplæringsnemda.

### **ELON**

Som elev- og lærlingombod i Møre og Romsdal fylkeskommune, er ein av mine viktigaste samarbeidspartar dei andre omboda i Norge. Ordninga med elev- og lærlingombod har i nokre fylke eksistert i 20 år, og samarbeidet på tvers av fylka gjennom nettverket ELON (elev- og lærlingombudene i Norge) er no solid og godt organisert.





FOTO: LUXE FOTO

ELON har eit arbeidsutval som eg er ein del av. Arbeidsutvalet har i oppgave å koordinere og legge til rette for samarbeid og fagutvikling for omboda i Norge, i tillegg til å utarbeide felles innspel til sentrale myndigheiter.

ELON er samla to gonger i året, der samlingane både legg opp til erfaringsdeling, fagleg innlegg og diskusjon, saksbehandling og sosialt samvær. November 2016 var ombudskollegiet i Stockholm på studietur. Vi besøkte Barn- og elevombudet (nasjonalt ombod). Der fekk vi ein gjennomgang av korleis det svenske skolesystemet handterer krenkingar og mobbesaker. Vidare fekk vi besøke ein vidaregåande skole som i lang tid har slitt med høge mobbetal, men som gjennom hardt arbeid har klart å skape eit godt skolemiljø. Til slutt var vi hos ein interesseorganisasjonen Friends. Friends arbeider mot mobbing i skolen.

I april 2017 var kollegiet samla igjen, denne gangen i Bodø. Vertskap for samlinga var elev- og lærlingombodet i Nordland, Katrine Johansen. Dagsorden var mellom anna opplæringslova sitt nye kapittel om skolemiljø, elevdeltaking i det systematiske HMS-arbeidet og kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæring.

### Utdanningsavdelinga i fylkeskommunen

Utdanningsavdelinga i fylkeskommunen er også ein viktig samarbeidspart. Dei sit på spisskompetanse på alle områda innanfor vidaregåande opplæring og tilhøyrande oppfølgingssystem. I tillegg til det jamne samarbeidet med ulike rådgivarar ved

utdanningsavdelinga, har vi no sett samarbeidet inn i eit fast system. Elev- og lærlingombodet og representantar frå utdanningsavdelinga skal frå nytt skoleår ha fire faste møte i året. Dessa møta blir viktige for å styrke arbeide med å forhindre fråfall og betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

### Elevorganisasjonen

Elevorganisasjonen (EO) er elevane og lærlingane sin organisasjon, og dei jobbar for ungdom sin rett til medverknad i eigen opplæring. Dei er ein naturleg samarbeidspart i mange samanhengar. I løpet av hausten hadde elev- og lærlingombodet og EO samarbeid om skoloring av nye elevråd på dei vidaregåande skolane. Elevorganisasjonen var også ein bidragsytar på samling for leiarar og nestleiarar elevråda på Vestnes i oktober. Saman med utdanningsavdelinga har ombodet halvårlege møte med representantar frå fylkesstyret i EO, for å styrke arbeidet generelt med medverknad og skole- og arbeidsmiljø.

### Ungdomspanelet

Elev- og lærlingombodet følger ungdomspanelet sitt arbeid, og var på eit av deira møte i haust for å presentere rolla som ombod. Ungdomspanelet består av representantar som er valde på ungdommens fylkesting, og skal jobbe aktivt for å styrke ungdommar sin medverknad i samfunnet. Elev- og lærlingombodet la fram eigen årsrapport på ungdommens fylkesting november 2016.

# Førespurnadar til elev- og lærlingombodet

I skoleåret 2016–2017 har elev- og lærlingombodet mottatt 49 førespurnadar frå elevar, lærlingar/lærekandidatar eller andre som har tatt kontakt på vegner av ein elev eller lærling. Omlag 70 prosent av dei som tok kontakt, har spørsmål eller utfordringar knytt til opplæring i bedrift.

Mange søker informasjon om system eller rettane deira, medan andre ønsker hjelp til å løyse utfordringar dei har i den vidaregåande opplæringa enten på skole eller i lærebedrifta. 32 prosent av førespurnadane er registrert som sak, som då vil seie at dei krev meir oppfølging enn nokre e-postar eller ein telefonsamtale.

Ved førespurnad til ombodet, får ungdommen i de fleste tilfelle informasjon og verktøy til å løyse utfordringane sine sjølv, med beskjed om at ombodet kan vere ein støtte om ønskeleg.

## Tema for førespurnadar

Her er nokon av temaa ungdommane har spørsmål om eller treng hjelp til:

### Elevane og lærlingane ønsker informasjon om:

- læreplass
- fagbrev
- arbeids- og lønnsvilkår
- rettar knytt til opplæring i bedrift
- oppseiing av læreplass (lærlingen)
- studentbevis som lærling
- skoleplass og utdanning
- karakterar og vurdering
- eksamen

### Elevane og lærlingane ønsker hjelp til å løyse utfordringar\* knytt til:

- manglande opplæring
- å bli brukt som vikar/ekstrahjelp
- mangel på tilrettelegging
- behov for tilrettelegging
- manglande oppfølging
- heving av lærekontrakt (fylkeskommunen)
- at arbeidet ikkje dekkjer måla i læreplana
- å bli vurdert «ikkje skikka» i yrkesopplæring
- feil i lønn, arbeidstid og arbeidsavtale
- dårlig arbeidsmiljø
- saksbehandlingsfeil
- mobbing
- skolen sitt fysiske miljø
- elevmedverknad
- feil ved undervisninga

\* nokre av sakane har fleire utfordringar og er eksempel på generelt dårlege opplæringsvilkår.

Som vi kan sjå i oppsummeringa av elevane og lærlingane sine utfordringar når dei tar kontakt med ombodet, er det mange tema som ungdommane har spørsmål om. Eg har vidare lyst til å trekke frem tre tema og problemstillingar eg har møtt på som elev- og lærlingombod frå hausten 2016, som eg synes har vore spesielt vanskeleg eller som det er viktig å sette lys på.



### Behov for tilrettelegging og tilpassing på skole og i bedrift

Opplæringslova (1998, § 1-3) gir elevar og lærlingar rett til tilpassa opplæring, og ungdommane kan få utvida den retten gjennom rett til spesialundervisning §5-1.

Ein del av dei ungdommane eg har vore kontakt med, har behov for tilrettelegging i ei eller anna form. I nokre av sakene eg har vært involvert i, er det eit misforhold mellom den tilrettelegginga som blir gjort, og eleven eller lærlingen sine behov. I andre tilfelle manglar tilrettelegginga heilt. Eleven eller lærlingen har i desse tilfella lagt fram saka si til dei som er ansvarleg for opplæringa, men blir ikkje høyrte.

Dette gjeld ofte elevar, lærlingar og lærekandidatar som i utgangspunktet er i ein sårbar situasjon. Konsekvensane av å spørje om hjelp, utan å oppleve at ein blir tatt på alvor kan gi lågare meistringskjensle og kanskje større tapsopplevingar. Derfor vil eg presisere kor viktig det er at skolane og lærebedrifta tar desse ungdommane på alvor. Mange av desse strevar allereie med vidaregåande opplæring, og står i fare for å falle ut av opplæringa. Det er viktig at det er tid til å kartlegge utfordringane til ungdommane tilstrekkeleg,

og at ein etter kort tid evaluerer eventuelle tiltak. Slik kan ein hjelpe fleire til å fullføre vidaregåande opplæring.

### Manglande opplæring og oppfølging i lærebedrifta

Lærebedrifta pliktar å gje opplæring og oppfølging til ungdom når dei søker om å få ta inn ein lærling. Undervegsvurdering og halvårsvurdering skal sikre at lærlingen veit kor han eller ho ligg an i opplæringa, og korleis ho eller han kan utvikle kompetansen i faget ytterlegare. God opplæring sikrar eit godt grunnlag for læretida, og god oppfølging og undervegsvurdering gir betre gjennomføring.

Eg har dessverre hatt fleire saker der oppfølginga av og systema rundt lærlingar og lærekandidatar i lærebedrifta viser seg å vere svært mangelfull. Lærlingane og lærekandidatane har meldt i frå om at dei blant anna manglar rettleiar, ikkje har lærekontrakt og arbeidsavtale, ikkje får opplæring og oppfølging og ikkje får utbetalt riktig løn. Utfordringa i mange av desse tilfella, har vore å få bedrifta til å rette på forholda. Desse lærlingane har funne mot til å seie ifrå



om manglar i deira vidaregåande opplæring. Med bakgrunn i nokre av dei historiene eg har høyrte frå lærlingane det siste året, er eg som ombod uroa for dei som er i lærebedrifter med dårlege forhold, som ikkje tør å seie ifrå. Blir slike forhold avdekt viss ikkje lærlingen sjølv seier ifrå?

Konsekvensane av manglande oppfølging er i mange tilfelle at lærlingen eller lære-kandidaten ikkje klarar å gjennomføre lære-tida, eller ikkje består den avsluttande prøven.

#### **Elev- og lærlingombodet anbefaler:**

- at det blir laga ei rutine for å følgje opp alle lærlingane på ein systematisk måte
- at fylkeskommunen tar ei tydelegare rolle når bedrifta ikkje følgjer lovar og reglar for opplæring og oppfølging av lærlingane

### **Heving av lærekontrakt**

Eg ser at nokon hevingssaker kan vere utfordrande både for den som skal vurdere meldinga om heving frå bedrifta eller opplæringskontoret, og for den som får heva kontrakten i av ulike årsakar. Fylkeskommunen har ei god skriftleg rutine for arbeidet som skal gjerast fram mot eit vedtak om heving. Likevel blir dette ein vanskeleg situasjon for nokre ungdommar, som føler at dei ikkje blir høyrte, trudd eller urettvis behandla.

Det er viktig at lærlingen eller lære-kandidaten sin stemme blir tydeleg i ein hevingssak. Råd-gjevarane på utdanningsavdelinga i fylkes-kommunen skal høyre lærlingen sin versjon av saka før avklaringsmøtet mellom bedrifta, lærlingen/lære-kandidaten og utdannings-avdelinga. Slik sikrar utdanningsavdelinga at saka er tilstrekkeleg opplyst, og at ungdommen i trygge rammer får fram si side av saka. Som lærling i ei bedrift er ungdommen i utgangs-punktet i eit asymmetrisk maktforhold, og

slike forhold må vi vere klar over når det blir behandla problemstillingar knytt til enkeltpersonar.

Ein siste ting eg har lyst å trekke fram når det gjeld heving av lærekontraktar, er saker der ein person blir vurdert uskikka til det yrket vedkommande utdannar seg til. Nokon lærekontraktar blir heva på dette grunnlaget. Dette er en særdeles nedverdigande situasjon for den det gjeld, og bør vere kvalitetssikra i langt større grad enn det er i dag.

Høgare utdanning har ei vurdering om den enkelte studenten er skikka for yrket i enkelte utdanningar som er forankra i Universitets- og høyskolelova (2005) og forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning (2006). Slik er det ikkje for vidaregåande opplæring.

Skikkethetsvurdering for høgare utdanning skal avdekke om studenten har dei naudsynte føresetnadane for å kunne utøve og fungere i yrket. Forskrifta (2006, § 2) seier at «ein student som utgjør ein mogleg fare for liv, fysisk og psykisk helse, rettar og sikkerheit til dei pasientar, brukarar, barnehagebarn, elevar, eller andre studenten vil komme i kontakt med under praksisstudiane eller under framtidig yrkesutøving, er ikkje skikka for yrket».

Ei slik vurdering kan i enkelte tilfelle også vere naudsynt i vidaregåande opplæring. Da er det viktig at lærlingen eller lære-kandidaten er godt ivaretatt gjennom heile prosessen i form av kvalitetssikra rutinar og førehandsbestemte kriterier.

#### **Elev- og lærlingombodet anbefaler:**

- at det blir utarbeida rutinar for forsamtalar med lærlingen i ei mogleg hevingssak
- at det blir laga tydelege kriterier for å vurdere ein person «ikkje skikka» i vidaregåande opplæring



FOTO: RUNE BORGE-OLSEN

# Skoleåret 2017-2018

I skrivande stund er allereie mange av planane for skoleåret 2017/2018 lagt, og mykje av det som skal skje i løpet av hausten er allereie spikra.

Det er laga ei omfattande «pakke» for å styrke elevmedverknad og elevdemokrati det kommande året. Både dei private og dei offentlege vidaregåande skolane i fylke har før sommaren motteke ein invitasjon til eit systematisk arbeid for godt elevdemokrati og elevmedverknad, der elev- og lærlingombodet tilbyr følgande:

- ei samling for nytt elevråd og nye tillitselevar på skolen, hausten 2017
- to-dagars samling for elevrådsleiar- og nestleiar, 25.-26. september 2017
- samling for elevrådsleiar, nestleiar og elevrådskontakt, januar/februar 2018
- nettverk og oppfølging etter ønske

Frå 1. august 2017 kjem det eit nytt lovverk omkring arbeid med skolemiljø. Elev- og lærlingombodet skal vere tett på arbeidet med å gje informasjon om rettar og pliktar knytt til lovendingane både til elevar, tilsette og føresette.

Etter nyttår vil noko av merksemda bli flytta over på lærlingane, og korleis vi kan sikre at kommande lærlingar får ein god start på læretida.

Ombodet har også eit ønske om å styrke samarbeidet med ungdomspanelet i 2017-2018.



## Etterord

Sidan hausten 2016 har eg sett og opplevd mange eksempel på at vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal er veldig god. Det blir jobba godt på mange skolar både med skolemiljø, kvalitet i opplæringa og elevmedverknad. Dei fleste som blir lærebefarar, gjer det fordi dei ønsker å bidra til å utvikle gode fagarbeidarar. Dei sakane som elev- og lærlingombodet får, viser likevel at vi kontinuerleg må halde fram arbeidet med å kvalitetssikre den vidaregåande

opplæringa. Vår jobb er å passe på at alle som får vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal trivst og får ei opplæring av god kvalitet. Slik kan vi nå målet vårt om at flest mogleg gjennomfører vidaregåande opplæring og at dei får ei best mogleg gjennomføring.

Til alle som arbeider med vidaregåande opplæring: lykke til vidare med det gode arbeidet!



FOTO: LUXE FOTO

# Kjelder

**Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning (2006)** - Henta frå: [lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-30-859?q=forskrift om skikkethet](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-30-859?q=forskrift%20om%20skikkethet)

**Kvalitetsmeldinga 2016** (mangler link)

**Opplæringslova (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)** - Henta frå: [lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=opplæringslova](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=opplæringslova)

**Skrove, G. K., Groven, G., Nerland, S. M. & Backmann, K. (2016). "I UNG" - et alternativt opplæringstiltak for ungdom som har droppet ut av videregående opplæring. Resultater fra følgeforskningen. (Møreforskning Molde rapport nr. 1612, 2016)** - Henta frå: [moreforsk.no/publikasjoner/rapporter/helse--utdanning/1612-i-ung---et-alternativt-opplaringstiltak-for-ungdom-som-har-droppet-ut-av-videregaende-opplaring-resultater-fra-folgeforskningen/1239/3080/](https://moreforsk.no/publikasjoner/rapporter/helse--utdanning/1612-i-ung---et-alternativt-opplaringstiltak-for-ungdom-som-har-droppet-ut-av-videregaende-opplaring-resultater-fra-folgeforskningen/1239/3080/)

**Ung i Møre og Romsdal 2015** (mangler link)

**Universitets- og høyskolelova. (2005). Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)** - Henta frå: [lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15?q=høyskolelova](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15?q=høyskolelova)

# Vedlegg

## Vedlegg 1:

Vedtak i Fylkestinget 2005 16 ▶

## Vedlegg 2:

Vedtak i Fylkestinget 2009 16 ▶

## Vedlegg 3:

Hovudmål for elev- og lærlingombodet 17 ▶

# Vedlegg 1:

## Vedtak i Fylkestinget 2005

### **Grunngjeving for oppretting av elev- og lærlingombod kjem fram i sak T-sak-69/05, utdrag frå saksframlegg:**

Elevane sine rettar og endringar i Opplæringslova har aktualisert saka om eit elevombod. Ein har her i fylket venta med å ta opp saka for å vurdere elevombodsordninga i samband med røynsler frå Ungdomspanelet. Saka blir no fremma etter politisk initiativ og påtrykk frå Elevorganisasjonen i Møre og Romsdal.

Opplæringslova §9a om elevane sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø, legg sterk vekt på elevane sine rettar og plikter. Det blir og framheva elevane sin rett til medbestemming i opplæringa. Dette gir store utfordringar for skoleeigar. Resultata frå Elevinspektørane viser at elevane i den vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal ikkje er nøgde med situasjonen i dag når det gjeld medbestemming.

Elevråda fungerer svært ujamt. Mange elevråd er passive i forhold til den elevmedverknaden og det elevdemokratiet som er lov og forskrift legg opp til. Mangelen på kontinuitet i elevråda er ei stor utfordring.

Auka elev – og lærlingmedverknad er eit viktig tiltak med tanke på å få til betre tilpassa opplæring for alle. Eit eige elev – og lærlingombod kan sjølvstendig hjelpe til med å få større vektlegging av både elevrådsarbeid og elev – og lærlingmedverknad i planlegging, gjennomføring og evaluering av læringsarbeidet på skolane.

Samrøystes vedtak frå fylkestinget 12.12.2005

«Det blir oppretta eige elev – og lærlingombod i Møre og Romsdal frå 2006. Elev – og lærlingombodet fordelast så langt som mogleg med 50% til elevombod og 50% til lærlingombod.»

# Vedlegg 2:

## Vedtak i Fylkestinget 2009

### **Nytt vedtak i Fylkestinget - 13.10.2009**

Elev – og lærlingombodet skal vere ombod for alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Dvs. at alle elevar og lærlingar ved offentlege og private opplæringsinstitusjonar der det blir gitt vidaregåande opplæring skal ha tilgang på dei

tenestene som elev- og lærlingombodet tilbyr, samt bli gitt informasjon om dette.

Elev og lærlingombodet må ha nok ressursar slik at det nye tilbodet til elevar i dei private vidaregåande skolane ikkje går utover det eksisterande tilbodet til elevar og lærlingar i dei offentlege vidaregåande skolane.



# Vedlegg 3:

## Hovudmål for elev- og lærlingombodet

### Forankring

Måla for arbeidet til elev- og lærlingombodet er formalisert i denne oversikta. Måla er utarbeidd med grunnlag i vedtaket om elev- og lærlingombod frå 2005 (T-69/05) og det fylkeskommunale planverket. Der det står lærlingar i plan og mål, menes også lærekandidatar.

### Hovudmål

Styrke elevar og lærlingar sine rettar og medverknad i den vidaregåande opplæringa på individ- og systemnivå.

### Delmål

Hovudmålet for arbeidet til elev- og lærlingombodet er delt inn i delmål og arbeidsmål.

Nivå	Område	Delmål
Strukturnivå	Informasjonsarbeid	1. Informere elevar og lærlingar om ombodet si rolle og kva ombodet kan hjelpe med.
		2. Informere aktuelle samarbeidspartar om elev- og lærlingombodet si rolle og ressursar.
		3. Informere ungdom i vidaregåande opplæring om fylkeskommunen si politiske verksemd og legge til rette for deltaking.
Strukturnivå	Utviklingsarbeid	4. Bidra i det nasjonale arbeidet for elevar og lærlingar sine rettar og medverknad i den vidaregåande opplæringa.
		5. Bidra til kunnskapsformidling (og utvikling) i forhold til læringsmiljø og medverknad i vidaregåande opplæring.
		6. Ivareta elevane og lærlingane sine interesser i ulike politiske forum på fylkeskommunalt nivå.
		7. Bidra i arbeidet med dei gjennomgåande perspektiva.
Individnivå	Enkeltsaker	8. Ivareta elevar og lærlingar som opplever krenkingar eller brot på deira rettar i vidaregåande opplæring.
Individnivå	Medverknad	9. Styrke elevrådsarbeidet på dei vidaregåande skolane.
		10. Styrke elevane og lærlingane si påverknad på eigen opplæringssituasjon.



## Arbeidsmål

### 1. Informere elevar og lærlingar om ombodet si rolle og kva ombodet kan hjelpe med.

- Besøke VG2-elevar som skal søke læreplass.
- Tilby skolane skolebesøk.
- Delta på samling for 1.års lærlingar i regi av fylkeskommunen.
- Presentasjon av ombodsrolla på samling for 1.års lærlingar i regi av opplæringskontora.
- Profilere ombodsrollen på sosiale medier (Facebook).
- Utvikle en informativ heimeside (mrfylke.no/elo).

### 2. Informere aktuelle samarbeidspartar om elev- og lærlingombodet si rolle og ressursar.

- Delta på samling for alle opplæringskontora.
- Delta på samling for rettleiarar i regi av utdanningsavdelinga.
- Delta på andre arena utdanningsavdelinga møter lærebedriftene.
- Vere tilgjengeleg for foredrag omkring ulike tema som skolemiljø, krenkingar, og medverknad.
- Utvikle godt informasjonsmateriell for formidling av ombodet sitt arbeid.
- Vere synleg i media.

### 3. Informere ungdommar i vidaregåande opplæring om fylkeskommune si politiske verksemd og legge til rette for deltaking.

- Synleggjere for elevane og lærlingane mål i fylkesplan/ kvalitetsplan og tal frå relevante brukarundersøkingar (elevundersøkinga, lærlingundersøkinga og ungdata)
- Formidle informasjon om Utdanningsutvalet
- Organisere val for representantar til utdanningsutvalet og følge opp desse.

### 4. Bidra i det nasjonale arbeidet for elevar og lærlingar sine rettar og medverknad i den vidaregåande opplæringa.

- Delta på samlingar og initiativ i regi av elev- og lærlingomboda i Norge (ELON)
- Vere aktiv i ELON sitt arbeidsutval.

### 5. Bidra til kunnskapsformidling (og utvikling) i forhold til læringsmiljø og medverknad i vidaregåande opplæring.

- Utarbeide system for å kunne formidle erfaringar frå arbeid med einskildsaker til utdanningsavdelinga og andre aktuelle samarbeidspartar.
- Presentere årsrapport for Fylkestinget, UFT, Utdanningsutvalet og Yrkesopplæringsnemda.

## 6. Ivareta elevane og lærlingane sine interesser i ulike politiske fora på fylkeskommunalt nivå.

- Delta på møta i Utdanningsutvalet
- Delta på møta i Yrkesopplæringsnemda
- Delta i andre politiske møter der elevar og lærlingar blir diskutert.
- Ta opp aktuelle spørsmål på vegne av elevar og lærlingar

## 7. Bidra i arbeidet med dei gjennomgåande perspektiva.

- Seksjonsinterne koordineringsmøter i UNG-gruppa.
- Følge ungdomspanelet sitt arbeid og UFT.
- Delta i arbeidsgruppe for gjennomgåande perspektiv barn og unge
- Jobbe for å tydeleggjere det gjennomgåande perspektivet likestilling og inkludering i skolen og i lærebedrifta.

## 8. Ivareta elevar og lærlingar som opplever krenkingar eller brot på deira rettar i vidaregåande opplæring

- Vere eit kontaktledd mellom partane i einskildsaker.
- Tydeleggjere ansvar, saksgang, rettar og pliktar for partane.
- Fremme god konflikthantering på lågast mogleg nivå.
- Vere ei støtte for eleven eller lærlingen

i vanskelege prosessar knytt til den vidaregåande opplæringa.

- Utarbeide rutinar som gir målretta og effektiv hjelp av god kvalitet.
- Dokumentere arbeidet etter gjeldande retningslinjer.

## 9. Styrke elevrådsarbeidet på dei vidaregåande skolane.

- Kurs til elevråd
- Seminar for elevrådsleiar og nestleiar
- Seminar for elevrådskontaktane
- Utvikle nyttig informasjonsmateriell for elevråda og tillitselevar.

## 10. Styrke elevane og lærlingane si påverknad på eigen opplæringssituasjon.

- Informere elevar og lærlingar om deira rettar og pliktar.
- Informere om vurdering og rettleiing i skole og i lærebedrift.
- Utvikle godt informasjonsmateriell om elevar og lærlingar sine rettar og pliktar i samarbeid med ELON (felles nettside?).

## Evaluering

Denne planen blir aktiv gjennom eit årshjul. Årshjulet og måla for arbeidet til elev- og lærlingombodet blir evaluert etter avslutta skoleår og ved årsskiftet.



**Møre og Romsdal  
fylkeskommune**

Fylkeshuset, 6412 Molde  
Telefon 71 25 80 00  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
[mrfylke.no](http://mrfylke.no)